

Som største grunneigar i det regulerte området på G.nr 84, b.nr. 4 Haukeland søndre, er me i utgangspunktet positive til at folk får etablere seg i Haukelandsmarka. Men me har nokre merknader/innvendingar til planen, som me håpar at de vil sjå på.

1. Me meiner at det vil vera ei dårleg utnytting av området på vår eigedom dersom ein delar eigedomen i to teigar – med utbygging i midten – *utan å få ei vegframføring som går vidare frå det innteikna trasévalet på reguleringsplanen*. Ei betre løysing hadde vore å få ei vegframføring som kjem inn att på markevegen i nord-aust. Dette er eit vegalternativ der ein vil få tilkomst til det resterande jordbruksområdet, og ein vil og få ein veg som kan lagast med rett stigningsgrad – noko som vil vera bra for alle partar.

2. Me som grunneigar av grunnen for det nedlagte ledningsnett, har gjort avtale med eigar av G.nr. 84 b.nr. 12 om kun å legge kloakk og vassledning fram til hans private tomt (altså G.nr. 84 b.nr. 12) gjennom anleggsveg til nautsområde. Noko anna enn dette, er ikkje avtalt.

3. Når ein privat utbyggjar regulerer inn tomtar for bustader i privat regi, og berører vår utmark, og ein i reguleringsplanen kan lesa *at utbyggjar tilbyr tilkobling for vatn og avløp til områdets innbyggjarar*, ynskjer me ei presisering av korleis ein tenkjer seg dette gjort.

4. Viss det er ynskjeleg for andre/kommande bustader, og det vert utbygging på vår grunn, meiner me at det i samband med vegframføring og avløp til desse bustadene, av miljøomsyn bør plasserast eit renseanlegg på vår grunn i sør-vest der det i dag går avløpsledning til sjø i Slagstømyra. Etter det me har høyr, er det under planlegging ein kommunal vassledning frå Vetås, langs fylkesvegen og fram til Haukeland. Viss dette er rett, meiner me at det vil vera naturleg å føra denne ledningen fram til tomtane i same grøft som avløpet går ned til renseanlegget.

Vegen, som er skissert på plankartet på vår eigedoms vestsida av bustadområdet, kan då forlengast vidare mot nordvest og ta med vass- og avløpsledningar frå tomtane og andre som ønskjer tilknytting til renseanlegget.

Me har tatt oss bryet med å gi desse merknadene fordi me ynskjer ei best mogleg løysing for alle involverte partar, og vonar at de tek dykk tid til å sjå på forslaga våre – og gi ei tilbakemelding.

Med venleg helsing

Sofie og Johannes Vågenes

(grunneigarar på G.nr 84, b.nr 4, Haukeland søndre)